

Innspel frå Høgskulen i Sogn og Fjordane til strukturmeldinga til Kunnskapsdepartementet, 31.10.14

1. Innleiing

I dette notatet gir Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt svar på det oppdraget Kunnskapsdepartementet gav UH-institusjonane i brev av 26.5 med presisering i brev av 8.10. Notatet er godkjent på styremøte i Høgskulen 29.10.

Notatet byggjer på ein omfattande prosess internt i HiSF og på samtalar og drøftingar med samfunns- og arbeidslivet i fylket og med leiinga ved andre høgskular og universitet, særleg på Vestlandet.

Vårt standpunkt er at Høgskulen i Sogn og Fjordane skal halde fram som sjølvstendig høgskule. Fram mot 2020 skal HiSF utviklast til å verte ein sterk, fagleg god og sjølvstendig høgskule, som i nært fagleg og administrativt samarbeid med andre høgskular og universitet, og i samverke med samfunns- og arbeidslivet i regionen vår, skal gi framifrå undervisning og utføre relevant forskning av høg kvalitet. Dette er i samsvar med strategiplanen til HiSF som styret vedtok i juni i år. Vidareføring av lokal autonomi er etter vårt syn ein føresetnad for å realisere ønska strategisk profil. Vi har vanskeleg for å sjå at satsinga på høgare utdanning og forskning i vår region vil ha meir kraft og større relevans og effekt, dersom studiestadane Sogndal og Førde skal vidareutviklast, styrast og leiast frå Oslo eller Bergen. Dette er ei viktig grunngeving for vårt primære standpunkt om framhald som sjølvstendig institusjon i nært samarbeid med andre UH-institusjonar.

Struktursaka har stått på dagsorden ved høgskulen sidan mai i år. Internt har saka vore tema på tre styremøte og eitt styreseminar, ei rekkje leiarmøte og -samlingar og personalmøte. Ei arbeidsgruppe med rektor, dei to viserektorane og ein sakshandsamar har hatt ansvaret for framdrifta i saka. Saka har vore behandla i Rådet for samarbeid med arbeidslivet, og drøfta med sentrale politikarar i fylket, dei relevante kommunane og med «Stortingsbenken» for Sogn og Fjordane. Dekanane har i tillegg hatt dialog med sine samarbeidspartar og gitt innspel til rektor. Det har òg vore separate møte om struktursaka mellom leiinga av HiSF og leiinga ved Høgskulen i Volda, Høgskolen i Bergen (HiB) og Universitetet i Stavanger (UiS). I tillegg har det vore tett dialog med leiinga ved Høgskolen Stord Haugesund (HSH) og Universitetet i Bergen (UiB). Saka har dessutan vore hovudsak på tre styremøte i UH-nett Vest. Rektor har også delteke på eit møte som rektor ved NTNU inviterte til, for å drøfte teknologiutdanningane i Noreg og i eit møte med Kunnskapsdepartementet om struktursaka som medlem av styret for Universitet og høgskolerådet (UHR).

I innspelet vårt til dialogmøtet 25.9 gjorde vi det klart at vårt standpunkt var at Høgskulen i Sogn og Fjordane skal halde fram som sjølvstendig høgskule. Prosessen og diskusjonane etter dette møtet har ikkje rokka ved det standpunktet. Vi held fast ved at HiSF fram mot 2020 skal utvikle seg til å verte ein sterk, fagleg god og sjølvstendig høgskule, som i nært fagleg og administrativt samarbeid med andre høgskular og universitet, og i samverke med samfunns- og arbeidslivet i regionen vår, skal gi framifrå undervisning og utføre relevant forskning av høg kvalitet.

2. Ønska strategisk profil for HiSF i 2020

I 2020 skal vi ha høgre utdanning og forskning i Sogndal og Førde i nært samarbeid med andre UH-institusjonar både nasjonalt og internasjonalt. Profilen vår skal vere høg fagleg kvalitet og

attraktive studiestader lokalisert i småskala samfunn, der vi skal vidareutvikle kompetansen vår og nytte ut dei gode vilkåra vi har for å skape engasjerande og stimulerande forskings- og læringsmiljø med tett oppfølging av den einskilde. Vi skal utvikle forskingsbasert kunnskap og nyskaping innanfor dei yrkesfelta høgskulen utdannar til, og innanfor dei områda der HiSF har særskilte fortrinn med basis i geografisk plassering, kompetanse og regionalt samfunns- og arbeidsliv.

Studiestadane våre skal vere farga av nynorsk språk og kultur og sterkt internasjonalt engasjement og samarbeid. På grunn av lokaliseringa i det sterkaste nynorske kjerneområdet har språket eit sterkt institusjonelt fotfeste både administrativt og som fagspråk. Dette gjer HiSF til ein nasjonalt viktig institusjon. Samstundes skal vi spele på dei særegne føresetnadane som lokaliseringa vår gir. Dette vil vere ein tydeleg profil i eit UH-landskap med færre og større institusjonar.

Innanfor desse fagfelta skal vår institusjon primært ha utdanningstilbod med læringsutbyte i første syklus i kvalifikasjonsrammeverket. Det er her hovudtyngda av studentane våre skal vere, fordi det er på dette kvalifikasjonsnivået etterspurnaden etter arbeidskraft ser ut til å bli størst både i offentleg og privat sektor dei næraste åra. Men både fordi arbeidsmarknaden også etterspør kvalifikasjonar på høgare nivå, fordi det er nødvendig for å tilby sterk forskingsbasert undervisning og for å ha attraktive arbeidsplassar for høgt kompetent personale, ser vi for oss at høgskulen også har utdanningstilbod med læringsutbyte i andre syklus på dei store utdanningsfelta våre.

For det første skal den faglege profilen vår vere kjenneteikna av eit breitt tilbod av yrkesretta utdanningar som vi opererer i nært samarbeid med lokalt nærings- og arbeidsliv og i samsvar med behova i regionen. Denne delen av verksemda vår skal ha som primært formål å bidra til vidareutvikling av regionen ved at vi tilfører relevant og praksisnær kompetanse og kunnskap gjennom utdanning og forskning. Denne typen utdanningar vil vere ei vidareutvikling av dagens tilbod og i hovudsak vere innan dei same fagområda som i dag; lærarutdanning, helse- og sosialfaglege utdanningar, økonomisk-administrative og samfunnsfaglege utdanningar og ingeniørutdanning.

Høgskulen skal for det andre arbeide aktivt for at Sogn og Fjordane blir eit viktig laboratorium for forskning og kunnskapsinnsamling på nasjonale og internasjonale problemstillingar, og særskilt innan forskingsområda idrett, folkehelse, energi, ressursar og miljø. På desse spissa fagområda skal vi gjere nytte av sterke tradisjonar og kultur for helse og friluftsliv, og vi skal bruke dei spesielle naturgitte føresetnadane for å vidareutvikle framifrå arenaer for kunnskapsproduksjon og læring. På desse fagfelta tilbyr høgskulen i 2020 utdanningar med læringsutbyte både i første, andre og tredje syklus i kvalifikasjonsrammeverket.

HiSF skal utvikle ny forskingsbasert kunnskap i robuste fagmiljø med høg kompetanse, og i tett samspel med regionalt samfunns- og arbeidsliv. HiSF skal særskilt bygge vidare opp strategiske forskingsprogram innan idrettsforskning; læringsforskning; natur- og miljøvitskap; samhandling, innovasjon og styring av offentleg sektor; og kunnskapsleiing i førstelinetenesta. HiSF skal og styrke samarbeidet med Helse Førde gjennom det strategiske forskingssenteret Senter for helseforskning.

HiSF skal i 2020 ha høg vitskapleg publisering med mål om 0,5 publikasjonspoeng per fagleg stilling. HiSF skal ha sterke FoU-miljø og forskingsgrupper med høgt tilslag på ekstern

finansiering, stor portefølje i NFR, særskilt gjennom programma FINNUT, ENERGIX, HELSEOMSORG, men også prosjekt gjennom BIA, og i tillegg vesentleg aktivitet mot EU gjennom Horizon 2020.

HiSF skal legge spesielt vekt på å halde fram auken i volumet på eksternt finansiert verksemd, på målretta kompetanseheving til førstestillingar og professor/dosent-stillingar, og å auke talet på stipendiatstillingar i høgskulen. HiSF har i 2020 sterke fagmiljø med høg kompetanse, god vitenskapleg publisering, eksterne forskingsmidlar og god rekruttering (større fagleg fellesskap) innan fornybar energi, geologi og geofare, landskapsøkologi, idrettsforskning og fysisk aktivitet, læringsforskning, innovasjon og samhandling i offentleg sektor, og forskning på livskvalitet og fedme. Høgskulen har òg sett i gang eit strategisk forskingsprogram for å utvikle eit sterkt forskingsmiljø innan kunnskapsleiing i førstelinetenesta, som skal vidare styrke samarbeidet med praksisfeltet.

Den faglege profilen i 2020 byggjer på at dei faglege føresetnadane som HiSF har i dag, skal vidareutviklast. Det kan gjerast med utgangspunkt i HiSF som sjølvstendig høgskule, men då med arbeidsdeling og i nært samarbeid med andre høgre utdanningsinstitusjonar, slik HiSF alt gjer på fleire felt i dag.

På alle fagområde er samarbeid nødvendig, men på nokre er det heilt avgjerande for at verksemda vår skal ha ei framtid. Det siste gjeld område som lærarutdanning og ingeniørutdanning. Den faglege profilen kan vidareutviklast med fagleg integrasjon og forpliktande avtalar med andre institusjonar.

Studiestadene våre er lokaliserte utanfor dei store byområda. Vi ynskjer å nytte dette til å utvikle ein tydelegare distriktsprofil, særleg for profesjonsutdanningane mot skule, barnehage, helse og sosial. I desse grunnutdanningane inneber det at vi ved sida av tradisjonelle campustilbod har ambisjonar om å ta ein leiande posisjon på tilrettelegging av utdanningstilbod for vaksne søkjargrupper busett i distrikta. Vi har ambisjonar om å gjere det same på vidareutdanningssida, og dermed vidareutvikle posisjonen vår som nasjonalt leiande når det gjeld samarbeid med arbeidslivet og metodar og system for gode vidareutdanningstilbod for breie utdanningsgrupper i kommunesektoren.

Vi skal halde fram med å utvikle attraktive studiestader med mange studentar på campus. Med frå 1,5 til 1,8 primærsøkjarar per studieplass siste åra, er HiSF blant institusjonane utanfor dei største byane med best rekruttering. Særleg rekrutterer vi godt blant dei yngste søkjarane, og kvart år kjem det kring 600 ungdomar oppvaksne utanfor Sogn og Fjordane til Sogndal og Førde for å vere heiltidsstudentar. Meir enn 60% av studentane ved grunnutdanningane kjem utanfrå Sogn og Fjordane og for ein del utdanningar, særleg innafor dei fagområda der vi har dei høgaste faglege ambisjonane, har høgskulen nasjonal rekruttering. Vi er overtydde om at lokal styring og leiing, med strategisk rom for å satse lokalt, har vore avgjerande for at vi i dag har levande og attraktive campus på små studiestader som Sogndal og Førde.

Vi skal vidareutvikle arbeidet med sikte på god gjennomføring i utdanningane. Dei relativt små studiestadane med mange heiltidsstudentar som flytter hit gir gode vilkår for tett oppfølging og strukturerte studieopplegg. I Kunnskapsdepartementet sin tilstandsrapport går det fram at 62% av dei som byrja på ei treårig utdanning ved HiSF i 2010, hadde fått vitnemål innan normert tid (våren 2013). Snittet for alle institusjonane var 42%. Denne posisjonen skal vere endå sterkare i 2020.

Vi skal halde fram med å utdanna relevante kandidatar i og for regionen. To større granskingar gjennomførte ved Høgskolen i Oslo og Akershus viser kor viktig det er med lokale utdanningstilbod for at kandidatane skal ta arbeid og busetje seg i regionen. Av dei som har vakse opp i Sogn og Fjordane siste 20 åra og teke utdanning ved HiSF, er ein svært stor del busette i fylket eller på Vestlandet. Særleg gjeld dette velferdsutdanningane, der kring tre av fire er busette i Sogn og Fjordane. Men også for dei som har vakse opp utanfor fylket og har teke utdanninga si ved HiSF, er det ein stor del som tek arbeid og blir buande her. Samstundes er det slik at berre 20% av dei som har vakse opp i fylket og teke utdanninga andre stader, kjem attende til fylket og buset seg. Lokalisering av utdanningane betyr svært mykje for kvar folk tek arbeid og buset seg, og dette skal prega verksemda til HiSF i 2020. Vi ser det som ei særleg å bidra til at det er kvalifisert arbeidskraft i Sogn og Fjordane, og dette skal vere ein viktig del av profilen vår i 2020.

I 2020 skal vi vere langt framme når det gjeld bruk av digitale verktøy. Det må vi vere for å nå målsetjingane om å tilby fleksible studietilbod, og vi treng det for å møte unge menneske sine forventningar og for å kunne tilby dei det fremste. Den digitale utviklinga gjer det i aukande grad mogeleg å ta inn det fremste av førelesingar og fagkunnskap uavhengig av geografisk plassering. For vår del, som har vist evne til å utvikle attraktive studiestader med stimulerande læringsmiljø, gir dette nye og store mulegheiter. Vi kan vidareutvikle det vi er best på – den gode tilrettelegginga, den tette oppfølginga og dialogen med studentane. Og det vi eventuelt ikkje greier å skaffe fram av verdsleiande førelesingar sjølve, kan vi hente digitalt gjennom samarbeid med dei fremste fagmiljøa i verda.

Vi skal ha ein tydeleg internasjonal profil og nytte ut mulegheitene vi har for å vere attraktive i ein internasjonal marknad både for studentar og høgt kvalifisert personale. Dette er eit prioritert utviklingsområde der høgskulen så langt ikkje har greidd å nytte ut potensialet som ligg her i form av gode fagmiljø og naturgjevne føresetnader. I 2020 skal vi ha eit internasjonalt fag- og studentmiljø basert på det beste av norsk natur og kultur.

Vi skal markere oss med tett kopling mellom forskning og utdanning. Det skal vi gjere ved fagleg kompetansebygging, ved å stille høge krav til undervisningskompetanse og med systematisk arbeid med utvikling av gode undervisnings- og læringsformer. Dei relativt små miljøa våre gir godt høve til å innvie og engasjere studentane i dei tilsette sine FoU-arbeid. Høgskulen skal gje alle studentar god forskingsbasert undervisning gjennom aktiv deltaking i forskingsprosjekt, feltarbeid, datainnsamling, praksisarbeid og i studentaktiv undervisning. Fagtilsette skal formidle fagleg oppdatert pensum og formidle eiga forskning til studentane. Høgskulen skal auke tal publikasjonar som har studentmedforfattarar, og stimulere til aktiv deltaking av studentar i forskingsprosjekta ved høgskulen.

Studentar vel i stor grad kvar dei vil studere ut frå kva dei oppfattar som attraktive studiestader og gode studentmiljø. I dag har vi studentar som er svært nøgde både med det faglege og sosiale. I to nasjonale studentundersøkingar siste året, er HiSF plassert i den absolutte landstoppen når det gjeld studentane sine tilbakemeldingar. I studiebarometeret.no blir fleire av høgskulen sine utdanningar rangert på topp i landet i studentane si samla vurdering av studieprogrammet dei går på. I SHoT-undersøkinga (om studentane si helse og trivsel) får studentmiljøet vårt toppskåre i landet saman med Trondheim og Ås. Og absolutt ingen studentar er så godt nøgde med mottakinga dei fekk på studieprogrammet som HiSF-studentane. Dette er verdiar vi skal byggje vidare på fram mot 2020 med sikte på å framleis ha levande campus der studentane er nøgde med det faglege tilbodet, dei trivst og dei føler seg godt mottekne i eit stimulerande og trygt læringsmiljø.

Nokre nøkkeltal

	HiSF 2013	Snitt UH-sektoren 2013
Gjennomføring normert tid bachelor	62%	42%
Studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsekvivalent	53,3	47,6
Løyving frå KD per ferdig kandidat (berre statlege inst.)	495 000	664 000

	HiSF 2008	HiSF 2013	Endring HiSF 2008-13	Endring UH-Sektor 08-13
Tal primærsøkjarar i Samordna Opptak	689	1576	+129%	+30%
Eigenfinansierte studentar (haust)	2472	3313	+25%	+19%
Studiepoengproduksjon, eigenfinansiert	1881	2494	+33%	+20%
Kandidatproduksjon	444	637	+43%	+18%

3. Kritisk vurdering av føresetnader/eigenanalyse

HiSF har per i dag 3.887 studentar. Talet på tilsette er ca. 330. Ca. 210 av desse er i undervisnings- og forskarstillingar og rekrutteringsstillingar. 38 pst. av personalet i undervisnings- og forskarstillingane har førstekompetanse. Høgskulen har fire dosentar og 8,3 professorar. Målet i strategiplanen er at prosentdelen med førstekompetanse skal auke til over 50 innan 2018.

Vi er delt på to studiestader, Sogndal og Førde, begge med sine levande og konsentrerte campus. Verksemda er delt inn i fire avdelingar og 10 institutt. Vi gir nedanfor ein kort omtale av status for og ambisjonar ved dei fire avdelingane, med vekt på korleis dei strategiske utfordringane kan løysast.

Avdeling for helsefag (AHF)

Sjukepleieutdanninga er HiSF si største bachelorutdanning. Den har skåra svært høgt i nasjonale studentevalueringar. Utdanninga rekrutterer godt. Avdelinga har fleire relevante vidareutdanningar og eit masterstudium i samhandling saman med sosialfagmiljøet ved Avdeling for samfunnsfag og idrettsmiljøet ved Avdeling for lærarutdanning. Denne utdanninga skal gje svar på dei tre store reformene i helse- og sosialsektoren; samhandlingsreforma, NAV-reforma og barnevernsreforma. Avdelinga har saman med Helse Førde skipa Senter for helseforskning i Sogn og Fjordane. Dette nære samarbeidet fører til større produksjon og robustheit i fagmiljøet. Det vert arbeidd med å integrere kommunane tettare i FoU og innovasjon for helse- og omsorgssektoren. Forsking på fedme og livskvalitet er eit hovudsatsingsområde, med regionale, nasjonale og internasjonale samarbeidspartar. Samla sett er dette eit relativt stort fagmiljø. Den vitskapelege produksjonen er veksande. Andelen førstestillingar er vel 20 pst. Avdelinga har ein professor og åtte professor II-stillingar.

I 2020 vil Avdeling for helsefag vere endå meir samankopla med andre utdanningar og forskingsmiljø i regionen innanfor helse- og sosialfag. Kommunane i fylket er kopla tett mot Senter for helseforskning. Forskingsområdet «Fedme og livskvalitet», der helsefag og

idrettsfag samarbeider, skal i 2020 vere heilt i forskningsfronten internasjonalt på dette området.

Avdelinga må styrkjast betydeleg når det gjeld tilsette med førstekompetanse og dosent-/professorkompetanse. Det må verte betre forskingsstøtte til drift og søknadsskriving, særleg retta mot EU-prosjekt. Det er viktig med regionalt samarbeid og kanskje integrasjon for å få fram berekraftige utdannings- og forskingsmiljø. Det er også ønskjeleg med større rekrutteringsgrunnlag for studentar, og med fleire internasjonale kontaktar og samarbeid innan både forskning og utdanning. For Avdeling for helsefag er det viktig at samarbeidet, eventuelt fusjoneringa på Vestlandet, skjer innanfor Helse Vest-regionen. Praksisorganiseringa av studia vil krevje felles system med organisering av helsetenestene på Vestlandet

Avdeling for lærarutdanning og idrett (ALI)

Dette er den største avdelinga ved HiSF. Avdelinga har lærarutdanning (1-7, 5-10, PPU), masterutdanning i læring og undervisning, barnehagelærarutdanning, tre bachelorutdanningar i idrett og friluftsliv, og master i idrettsvitskap i samarbeid med Norges idrettshøgskole. Avdelinga har eit omfattande tilbod av vidareutdanningar for lærarar og er langt framme når det gjeld tilrettelegging av fleksible, samlingsbaserte tilbod, både grunn- og vidareutdanningar. Nasjonalt har ALI eit svært godt omdømme på dette området, og spesielt gjennom gode samhandlingsmåtar med sektoren, organiseringsmodellar og tilrettelegging av undervisningsmetodar.

Dei siste åra har vi relativt god rekruttering til grunnskulelærarutdanning 5-10 og til barnehagelærarutdanninga. Det har vore dårlegare søknad til grunnskulelærarutdanning 1-7. Vel halvparten av lærarstudentane er frå Sogn og Fjordane, og dei fleste vert verande i arbeid i fylket. Til liks med mange andre institusjonar, vil HiSF merka skjerpa opptakskrav. Ein kan risikere at det blir utdanna for få lærarar i fylket. Dette kan vi balansere ved å tilby skreddarsydde tilbod til «fastbuande» studentar, som bur spreidd i heile landet. Vi kan òg nå lærarar over heile landet med nasjonale vidareutdanningstilbod. Barnehagelærarutdanninga har betre rekruttering og er ikkje påverka av høgare inntakskrav.

Det er eit mål å auke FoU-produksjonen og andelen med førstekompetanse ved lærarutdanningane. Talet på større (og forskingsrådsfinansierte) forskingsprosjekt og publikasjonar er aukande, og talet på førstestillingar veks meir enn avgangen.

I 2020 ser vi føre oss at lærarutdanningane våre har ein nasjonal posisjon for studietilbod retta inn mot studentar som er busette i distrikta, og som tek barnehage- og grunnskulelærarutdanning og PPU, pluss vidareutdanning. HiSF vil i 2020 tilby master i lærarutdanning i faga norsk, matematikk, samfunnsfag og kroppssøving. Det vil òg vere tilbod om master for barnehagelærarstudentar. Forskingssatsingane er profesjonsretta og tett integrerte med utdanningane.

For å oppnå den ønskje posisjonen, og for å sikre at alle studietilboda og FoU-satsingane er forankra i store og tunge fagmiljø som tilfredsstiller nasjonale krav, arbeider lærarutdanninga for å få til eit tettare og meir forpliktande samarbeid med fagmiljø ved andre lærarutdanningsinstitusjonar på Vestlandet med verknad frå 2017. Planen er å tilby felles utdanningar. Dette vil skje innanfor sjølvstendige institusjonar, uavhengig av korleis institusjonslandskapet vert rundt HiSF. Ein av institusjonane (ikkje HiSF) får status som myndighetsinstitusjon for spørsmål og avgjerder som har med kvalitet i utdanninga å gjere. Fagmiljøa ved institusjonane er integrerte og står fram som store, robuste og samla einingar.

Dette gjeld lærarutdanningane, men vi sonderer også om det er råd å få til tilsvarande prosess for barnehagelærarutdanninga på sikt. I 2020 har vi også profilert studiestaden Sogndal som basis for ei lærarutdanning med ein ”nasjonal distriktsprofil”, der utdanninga m.a. skal siktast inn mot studentar som er busette i distrikta. Lærarutdanninga vår skal både innfri kvalitetsmåla og ha eit klart distriktsutviklingsmål.

Når det gjeld *idrettsstudia* ved Avdeling for lærarutdanning og idrett, er utgangspunktet og strategien fram mot 2020 vesentleg annleis. Idrett rekrutterer svært godt, og primært studentar utanfrå fylket. Dei utdannar dessutan til den nasjonale arbeidsmarknaden i større grad enn den regionale. Idrettsstudia våre er også nasjonalt leiande på ulike kvalitetsparameter, slik m.a. Studiebarometeret viser. Det er naturleg at idrettsstudia våre klårt dyrkar ein nasjonal og i aukande grad internasjonal profil.

Institutt for idrett har eit svært tett og godt samarbeid med Norges idrettshøgskole både når det gjeld utdanning og forskning. Vi har relativt store eksternt finansierte forskingsoppdrag og aukande publikasjonsaktivitet. Talet på førstestillingar aukar raskt. I tillegg har idrettsfagsmiljøet ved høgskulen eit stort strategisk høgskuleprosjekt, ASK-prosjektet (Active Smarter Kids), som vil bidra til både publikasjonar og kompetanseheving. Eit omfattande internasjonalt fagleg nettverk er knytt til prosjektet, som har eit samla budsjett på ca. 30 mill. kroner. Instituttet har ikkje toppstillingar enno, men 4-5 tilsette er komne langt i kvalifiseringa.

Innan 2020 har vi fått på plass fleire toppstillingar i idrett, meir enn 50 pst. førstekompetanse, og vi har fått mastergrad på eigen kjøl. Vi har òg utvikla eit phd-studium saman med andre UH-institusjonar. Vi legg til rette for denne utviklinga gjennom å halde fram det nære faglege samarbeidet med NIH, II-ar stillingar, felles forskingsprosjekt, kompetanse-oppbygging og post-dok løp. Samanslåing med andre institusjonar vil ikkje vere nokon garanti for styrking av høgskulen sin satsing på idrett. Her er vi alt knytt nært opp mot det fremste fagsmiljøet i Norge og dette er eit fruktbart samarbeid som vi ønskjer å vidareføre.

Under eit utvida vestlandssamarbeid, vil det vere naturleg at vi spelar ei leiande rolle innanfor idrettsfeltet.

Avdeling for samfunnsfag(ASF)

Denne avdelinga er organisert i tre institutt. Avdelinga har til saman åtte bachelorprogram innan økonomi, sosialfag og samfunnsfag/historie og ein mastergrad i organisasjon og leing. I tillegg samarbeider avdelinga med Avdeling for helsefag og Avdeling for lærarutdanning og idrett om masterutdanninga i samhandling. Avdelinga har nært samarbeid med Vestlandsforskning, spesielt innan reiseliv.

Fleirtalet av utdanningane har tilfredsstillande rekruttering. Kandidatane frå dei ulike utdanningane har vore, og er, svært viktig arbeidskraft for kommunar og bedrifter i fylket.

Bachelorstudiet i økonomi og administrasjon er hovudnerven i økonomifaga, som også omfattar eigedomsmekling, reiseliv og jus. Øk.adm-studiet vart etablert i 1983 og er no ei vel fungerande bachelorutdanning med god rekruttering og studentgjennomstrøyming. Ein stor del av næringsverksemdene i Sogn og Fjordane har tilsette i leing og økonomiposisjonar som har bakgrunn frå øk.adm. studia på høgskulen. Det er og mange av studentane våre som går vidare til siviløkonomutdanning ved NHH. Forskinga ved instituttet har for det meste hatt

regional forankring, knytt til lokale problemstillingar. Det er vedteke at det skal utviklast eit masterprogram innan økonomi og administrasjon.

I 2020 ser vi for oss at masterprogrammet i økonomi og administrasjon er på plass. For å få dette til vil vi satse målretta med sikte på å styrkje kompetansen ved instituttet, særleg med toppstillingar, og å auke talet på publikasjonar og større forskingsprosjekt.

Dei tre sosialfaglege bachelorprogramma (barnevernspedagog, sosialt arbeid og vernepleie) rekrutterer jamt godt, og er svært viktige for å sikre kvalifisert arbeidskraft til kommunane i fylket. Det er få førstestillingar og ingen toppstillingar ved instituttet. Forskinga har regional forankring. På nokre felt, m.a. barnevern og rus er det etablert regionale nettverk. Det er godt samarbeid med praksisfeltet i kommunane. Masterutdanninga i samhandling er viktig i det kompetansebyggjande arbeidet. Med dei doktorgradsarbeida som er i gang ser vi at kompetansen vil auke i åra framover.

Innan 2020 har vi fått til ei betydeleg styrking av kompetansen innanfor sosialfaga, 1-2 toppstillingar, og utvikla større eksternfinansierte forskingsprosjekt innanfor det prioriterte FoU-området "Velferdsstatens tenester". Det er utvikla nært samarbeid med gode sosialfaglege FoU-miljø ved samarbeidande institusjonar, særleg Høgskulen i Volda, UiB og Høgskolen i Harstad.

Ved ASF har vi òg bachelorutdanningar i historie og sosiologi og masterprogram i organisasjon og leiing. Faga er vel etablerte på HiSF, og rekrutteringa er tilfredsstillande. I fagmiljøa har vi god kompetanse med åtte førstestillingar og tre toppstillingar, og mange aktive forskarar, fleire med større eksternfinansierte forskingsprosjekt. Særleg gjeld dette i historie og organisasjon og leiing. Det er tre toppstillingar knytte til utdanningane. Dei faglege nettverka er gode, både regionalt og internasjonalt. Også kontakten med kommunane i regionen og offentleg sektor generelt er god.

Innan 2020 har vi fått 1-3 nye toppstillingar ved instituttet, og andelen tilsette med doktorgrad har auka. Gjennom det strategiske forskingsprogrammet «Samhandling, Innovasjon og Styring i Offentleg Sektor», som instituttet leier, og avdelinga sitt forskingsprogram "Regional nærings- og samfunnsutvikling" skal vi utvikle endå sterkare fagleg samarbeid med relevante fagmiljø ved UiB og høgskular i regionen. I den strategiske fagutviklinga framover er eit samarbeid med UiB sentralt, både for masterutdanninga og programma innan sosiologi og historie. For historiemiljøet er Universitetet i Tromsø og Høgskulen i Volda sentrale samarbeidspartar. Instituttet skal også bistå med samfunnsfagundervisning og forskning inn mot den nye lærarutdanninga og sosialarbeidarutdanningane.

Gjennom dei to nemnde forskingsprogramma "Velferdsstatens tenester" og "Regional nærings- og samfunnsutvikling" som går på tvers av dei tre institutta, og det strategiske forskingsprogrammet "Samhandling, innovasjon og styring i offentleg sektor", vil kompetansenivået ved Avdeling for samfunnsfag auke betydeleg fram mot 2020.

Avdeling for ingeniør- og naturfag (AIN)

Dette er den minste, men sterkast veksande avdelinga i HiSF. Den har til saman fem bachelorutdanningar, to i ingeniørfag i Førde (automasjon og elkraft) og tre naturfagutdanningar i Sogndal (landskapsplanlegging med landskapsarkitektur, i geologi og geofare og i fornybar energi).

For tida blir det arbeidd med å etablere eit masterprogram med fokus på klimaendringar, som skal vere tilbod for kandidatar frå alle dei tre naturfaglege bachelorprogramma våre. Det er god rekruttering til alle studia i Sogndal. Ingeniørstudia har hatt auka søkjartal siste åra, og har no studenttal nær måltalet.

Fagmiljøa ved dei naturfaglege studia har fire toppstillingar, og meir enn 70 pst. av dei tilsette har førstekompetanse. Fagmiljøa er elles kjenneteikna ved god tilgang på eksternfinansierte FoU-prosjekt, inklusive Forskringsrådsprosjekt, gode faglege nettverk nasjonalt og internasjonalt, god regional samhandling og forholdsvis mange vitenskaplege publikasjonar. Ingeniørstudia har to førstestillingar, men ingen toppstilling,

Fram mot 2020 ønskjer vi å styrke ingeniørutdanninga med eit utvida samarbeid innanfor nettverket TeknoVest, med særleg vekt på Høgskolen i Bergen. Det er alt utvikla eit nært samarbeid knytt opp mot HiB si ingeniørutdanninga i undervassteknologi i Florø. For utvikling av studietilboda er også eit nærmare samarbeid med UiB ønskeleg.

Dei naturfaglege miljøa ønskjer særleg å styrkje det faglege samarbeidet med UiB, for å kome inn i større og sterkare fagmiljø og få lettare tilgang til laboratorium og andre forskingsfasilitetar. Eit samarbeid med HiB er også aktuelt. Her er det ingen konkurrerande studium, men heller ingen faglege møtepunkt. For fornybar energi og landskapsplanlegging vil vi også føre vidare det gode samarbeidet med NTNU, NMBU og UiO. Det er nært fagleg samarbeid mellom fagmiljøa i fornybar energi, geologi og landskapsøkologi. Samarbeidet har mellom anna materialisert seg gjennom det nye strategiske høgskuleprosjektet vi fekk tidlegare i år, der målet er å utforske berekrafta til prosjekt innan fornybar energi, og verknadene på lokalmiljøa av slike utbyggingar. Prosjektet, som også inkluderer økonomiforskarar ved høgskulen, har eit samla budsjett på 25 mill. kroner. Det inkluderer også støtte frå bankar og energiselskap i fylket.

Demografiske utfordringar

SSB sine framskrivingar viser at folketalet vil auke i alle fylke fram til år 2040. Veksten vil bli størst kring Oslo og på Sør- og Vestlandet og lågast i Sogn og Fjordane. Det er i dei største byane, og særleg i omlandskommunane til storbyane, at folketalet vil auke sterkast, i følgje SSB.

I Sogn og Fjordane har kommunane Førde og Sogndal i perioden 2007-14 ein folketalsvekst over landsgjennomsnittet, medan andre kommunar hadde lægre vekst eller tilbakegang desse åra.

Ser ein på prognosane for tal 19-åringar, altså dei som er på veg inn i høgare utdanning, viser alle prognosar årskull på 60.000 eller meir. Jamført med årskulla som kom inn i høgare utdanning for nokre få år tilbake er dette høgt. Halde saman med forventningar om at andelen av eit årskull som søkjer seg inn i høgare utdanning framleis vil auke noko, tilseier det at presset på høgare utdanning nasjonalt vil halde seg oppe i åra som kjem, dersom kapasiteten ikkje blir auka.

For Sogn og Fjordane viser prognosane for tal 19-åringar ein nedgang på kring 4% frå 2015 til 2020. Dette kan ha verknad for dei av utdanningane våre som baserer seg på stor grad av lokal rekruttering, men ikkje dramatisk. 4% nedgang utgjer kring 60 personar og når ein tek omsyn til at berre halvparten av desse søkjer høgare utdanning, og berre ein av fire av dei gjenverande søkjer vår høgskule, blir det teoretiske utslaget svært beskjedent. For ein

høgskule som vår, som rekrutterer meir enn 60% av grunnutdanningsstudentane utanfor Sogn og Fjordane, er det viktigare at storleiken på årskulla på landsbasis held seg på eit historisk høgt nivå i åra som kjem.

Men ein skal ikkje undervurdere utslaga av dei generelle sentraliseringstendensane i samfunnet, som saman med mogelege endringar i UH-landskapet og premissane for å drive ein høgskule, kan kome til å representere vesentlege utfordringar for HiSF.

Det er liten tvil om at høgskulen i seg sjølv har ein effekt når det gjeld å motverka sentralisering. Kompetansemiljø og ungdom som flyttar til fylket for å studera, gjer det meir attraktivt å busette seg i regionen.

4. Hovudgrep vi ynskjer å gjennomføre for å realisere strategisk profil

Vurderinga vår er at HiSF i dag er ein vel fungerande høgskule med god kvalitet som står fram som eit regionalt kraftsentrum, og som i stor grad har utvikla seg i samsvar med det som i si tid var målsetjingane med desentralisering av høgre utdanning i Noreg. Etter nokre utfordrande år tidleg på 2000-talet, har HiSF hatt ei svært positiv utvikling siste åra, og særleg greidd å utvikle attraktive studiestader der studentar finn seg godt til rette og lukkast i utdanningane. Vi meiner at lokal autonomi har vore ein avgjerande føresetnad for å byggje attraktive miljø for utdanning og forskning i Sogn og Fjordane.

Vidareføring av lokal autonomi er etter vårt syn ein føresetnad for å realisere ønska strategisk profil. Vi har svært vanskeleg for å sjå at det ville skjedd ei liknande satsing på å byggje attraktive studiestader og vel fungerande fagmiljø dersom studiestadane Sogndal og Førde skulle byggjast opp, styrast og leiast frå Oslo eller Bergen. Dette er ei viktig grunngeving for vårt primære standpunkt om framhald som sjølvstendig institusjon i nært samarbeid med andre UH-institusjonar.

Når vi kjem til at dette er det beste alternativet for HiSF, er det også fordi vi meiner å ha klåre føremoner jamført med dei store institusjonane på ei rekkje område. Det gjeld evna vår til å møte lokale ønske og behov, det gjeld evna vår til å agere fleksibelt og kjapt når det er behov for det, og det gjeld fridomen vi har til å samarbeide med andre fagmiljøa utan omsyn til om dei høyrer heime i aust eller vest. Vi meiner å ha dokumentert at dette gir gode resultat, og vi har også god dokumentasjon på at det skjer innafor kostnadsrammer som toler jamføring med dei fleste.

Men for å vere der vi ønskjer som sjølvstendig høgskule i 2020, må fleire føresetnader vere på plass.

Målretta arbeid for sterkare FoU

Høgskulen har eit godt og oppdatert planverk og strategiar for forskingsverksemda. Desse meiner vi vil gje resultat gjennom planmessig oppfølging som inkluderer kompetanseheving, søknadskompetanse, infrastruktur, skrivetrening og utviklingsmidlar. Det vil krevje ei styrking av FoU-programma, eit auka tal stipendiatar og FoU-stipend. Og ikkje minst vil det krevje prioritering.

Det nemnde planverket slår m.a. fast at vi skal legge stor vekt på FoU-kompetanse ved tilsetting i fagstillingar, tildele målretta FoU-stipend, legge større vekt på resultat ved tildeling av FoU-ressursar, styrke kompetansen i vitenskapleg skriving, søke fleire FoU-prosjekt gjennom

NFR i samarbeid med aktørar frå lokalt samfunns- og arbeidsliv osv. Det vil òg vere naudsynt med gode og profesjonelle støttetjenester og infrastruktur for å nå måla. Dette betyr òg at vi ser behovet for å samarbeide med andre institusjonar om tenester som søknader til EU-program, system for prosjektoppfølgning, IKT-tenester til forskingsprosjekt, Open Access-publisering, IPR-retningslinjer, statistikkstøtte, kontraktsoppfølging mv.

Høgskulen er i dag lokalisert saman med Vestlandsforskning på Fosshaugane Campus. Vestlandsforskning har høg kompetanse, god regional forankring og har lukkast spesielt godt med internasjonale prosjekt og nådd opp i konkurransen om forskingsmidlane i EU. Dette er det mogeleg for høgskulen å dra nytte av i vidare samarbeid.

Tett samarbeid og arbeidsdeling

Vi har i dag nært samarbeid med mange sterke fagmiljø, og som vi har prøvd å få fram, går dei faglege relasjonane våre til mange ulike institusjonar. Det må vi også halda fram med som sjølvstendig høgskule. Noreg er eit lite land, og etter vårt syn bør dei sterkaste fagmiljøa i landet ta eit større nasjonalt ansvar for høgre utdanning og forskning på sitt område. Det gjeld til dømes NTNU på teknologiområdet og NIH for idrettsfaga.

På nokre område vil HiSF åleine vere for veik til å etablere sterke nok fagmiljø og å tilby fullgode utdanningar. Her vil samarbeid, arbeidsdeling og integrasjon vere nødvendig, og på desse områda er dei naturlege samarbeidspartane i stor grad å finne på Vestlandet.

Lærarutdanning er eit slikt område, der vi gjennom UH-nett Vest har teke mange initiativ til samarbeid og arbeidsdeling. Som det går fram av avdelingsomtalen framafor, er det konkrete drøftingar i gang om korleis til dømes grunnskulelærarutdanninga kan organiserast som ei felles utdanning på Vestlandet innafor rammene av samarbeid mellom sjølvstendige institusjonar. Dette vil vi gå vidare med i tida som kjem.

Fleire fellesløysingar

Som autonom institusjon vil vi også vere avhengig av samarbeid på ein del tekniske og administrative funksjonsområde. Etter vårt syn er potensialet for nasjonale fellesløysingar i UH-sektoren stort. På nokre få område, som dei studieadministrative, er det utvikla slike løysingar som fungerer framifrå, men på svært mange område strevar einskildinstitusjonar og mindre grupperingar med sine løysingar. Her ligg det etter vårt syn store kostnadsmessige gevinstar som kan gi langt meir både robuste og rasjonelle løysingar, ikkje minst for ein mindre institusjon som vår. Administrasjon av løn, opptak til masterstudium, utvikling av digital undervisningsstøtte er døme på område som bør kunne eigne seg for nasjonale fellesløysingar.

Slike gevinstar kan ein i varierende grad også hente gjennom regionale samarbeidstiltak. På Vestlandet vil det til dømes vere mogeleg å tenkje seg ein konstellasjon der Universitetet i Bergen kunne yte gode tenester på forskingsadministrasjon, internasjonalisering, kompetanse på handsaming av krevjande klagesaker, biblioteksamarbeid med meir.

5. Kan HiSF styrkast gjennom samanslåing med andre institusjonar?

Høgskulen i Sogn og Fjordane har sidan starten delteke i nettverket av statlege universitet og høgskular på Vestlandet, UH-nett Vest, og vi meiner vi har prøvd å spele ei konstruktiv rolle i utvikling av samarbeidet.

Særleg det siste halvåret har vi hatt ei rekkje samtalar der vi også har utfordra kvarande meir direkte på ulike former for integrasjon mellom institusjonane. Slike samtalar har vi hatt med alle dei statlege institusjonane på Vestlandet frå Stavanger i sør til Volda i nord.

Nedanfor omtalar vi tre aktuelle konstallasjonar for nærare integrasjon: Ein stor vestlandsallianse, nærare integrasjon med Høgskolen i Bergen og nærare integrasjon med Høgskulen i Volda.

Vestlandsfusjon

I valet mellom ulike vestlandsalternativ, har vi heile tida kome attende til at HiSF i stor grad har samarbeidspartar som like mykje ligg utanfor som innafor dette geografiske området. I den grad me har vurdert konkrete fusjonsalternativ på Vestlandet, har vårt utgangspunkt vore at vi både driv kortare profesjonsutdanningar og vi driv disiplinbaserte utdanningar. Det er naturleg sidan Høgskulen i Sogn og Fjordane frå 1994 har vore ei samansmelting av ein distriktshøgskule som den største einskildparten og tre profesjonshøgskular (lærar, sjukepleie og ingeniør). Av den grunn har vår haldning vore at dersom det skal bli ein fusjon på Vestlandet, er det i vår interesse at den både femner om institusjonar med profesjonsutdanningar og disiplinbaserte utdanningar, altså både høgskular og universitet. Dette har vore og er vår vurdering, og det har vore grunnlaget for at vi har prøvd å spele ei konstruktiv pådrivarrolle innafor rammene av UH-nett Vest.

Det andre forholdet som har vore og er viktig i vurderinga av mogelege fusjonspartar, er at ein ny institusjon også inkluderer andre institusjonar som kan seiast å vere compatible med oss. Med det meiner vi institusjonar av liknande storleik og som er lokaliserte utanfor dei største byområda, i denne samanhengen Bergen. Som vi har prøvd å få fram i fleire samanhengar, trur vi ikkje det er realistisk å realisere våre strategiske ambisjonar med status som filial under ein reint bydominert institusjon. Dermed er både Høgskulen i Volda og Høgskulen Stord-Haugesund viktige å ha med i ein mogeleg fusjonert institusjon på Vestlandet.

Samarbeidet mellom UH-institusjonane på Vestlandet innanfor UH-nett Vest har fungert godt sidan det kom i stand i 2009. Arbeidet har vore spesielt omfattande og nyttig når det gjeld lærarutdanningane. Også samarbeidet om teknologiutdanningar (TeknoVest) har vore givande. Det er i gang samarbeid også innanfor helse- og sosialfaga. Og eit samarbeid om ulike administrative oppgåver er under utvikling. Med små overrisslingsmidlar har ein òg fått i gang forskingsarbeid, som seinare har gitt uttelling i søknader til Forskingsrådet og andre kjelder.

Fagleg sett kan ein stor vestlandsinstitusjon vere interessant for fleirtalet av fagmiljøa ved HiSF. Dette gjeld profesjonsutdanningane, men også samfunnsfaglege og naturfaglege fagmiljø vil kunne finne seg til rette i ein stor vestnorsk UH-institusjon. Ein føresetnad er at institusjonen er organisert slik at dei einskilte partane har betydeleg lokal autonomi. For vår del vil det vidare vere viktig at våre sterkaste fagmiljø framleis får gode vilkår for å vidareutvikla samarbeid med fagmiljø ved andre institusjonar, og det er avgjerande at det framleis skal vere eit breitt tilbod av utdanningar som er viktige for befolkning og næringsliv i Sogn og Fjordane.

Ein stor vestnorsk UH-institusjon vil kunne bli krevjande, til dømes med tanke på geografiske avstandar og som ein stor, tung og byråkratisk organisasjon. Vi er derfor ikkje sikre på at vi vil oppnå ein betre kvalitet samla sett i ein slik storfusjon.

Høgskolen i Bergen

Når ein vurderer HiSF sin posisjon i eit UH-landskap med færre og meir robuste einingar, må ein ta omsyn til i kva grad ein mogleg fusjonspartnar kan tilføre HiSF kompetanse og regional relevans. Høgskolen i Bergen har gjennom styrevedtak sendt ein invitasjon til HiSF om å bli med i skipinga av eit profesjonsuniversitet på Vestlandet saman med HSH og HVO.

Høgskolen i Bergen har tre avdelingar; ingeniør- og økonomifag, helse- og sosialfag og lærarutdanning. Strukturen på utdanningstilbodet samsvarar med profesjonsdelen av vårt utdanningstilbod.

Helsefagutdanninga ved HiSF har allereie samarbeid med HiB, og dei er innanfor same helseregion Vest og partnerskap med helseføretaka i regionen. Ein fusjon med HiB vil kunne styrke kompetanseprofil og gje eit meir robust fagmiljø.

Ingeniør- og teknologimiljøet ved HiSF er lite og sårbart og ein integrasjon med HiB kan vere ein styrke for ingeniørutdanning i Sogn og Fjordane.

Innan lærarutdanninga kan ein integrasjon og forpliktande samarbeid med HiB styrke den kompetansen som er nødvendig for å kunne tilby lærarutdanning på masternivå i Sogn og Fjordane i framtida. Dette vil sjølvsagt vere svært viktig at det framleis skal bli utdanna lærarar på alle trinn i Sogn og Fjordane.

HiSF har eit sterkt idrettsutdanningsmiljø og ein felles masterutdanning med Norges Idrettshøgskole (NIH). Det er òg ei idrettsutdanning som på mange område overlappar den ved HiB, der HiB er vertskap for Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet. Idrettsmiljøet ved HiSF er kjenneteikna av eit svært godt nasjonalt og internasjonalt nettverk innanfor fysisk aktivitet og skuleprestasjonar, og høg grad av eksternfinansiering frå NFR til intervensjonsforskning på dette feltet. Det er svært viktig for HiSF at eit slikt miljø framleis skal satsast på og utviklast i Sogn og Fjordane. I ein mogeleg fusjon vil vi ha faglege møtepunkt her, men samstundes vil ein integrasjon vere utfordrande med tanke på arbeidsdeling.

HiB har sosialarbeidarutdanningar gjennom vernepleie-, barnevern- og sosionomstudium, og det kan vere mogleg å komplettere kompetanseprofilen og å gjere utdanningane meir robuste

Innan økonomisk-administrativ utdanning er det mindre openbare vinstar gjennom ein eventuell slik fusjon.

HiSF har naturfagutdanningar innan geologi, landskapsplanlegging og fornybar energi, og desse er kjenneteikna av høg relevans for regionen, høg kompetanse og høg grad av eksternfinansiering frå NFR og andre kjelder. Her er det ingen faglege møtepunkt ved Høgskolen i Bergen. Dei andre disiplinbaserte fagmiljøa som historie og sosiologi har sine hovudsamarbeidspartnarar ved andre institusjonar.

Ein fusjon som berre omfattar HiB og HiSF vil vere mellom ein relativt stor byinstitusjon som utelukkande tilbyr profesjonsutdanningar og ein mindre, bygde-/småbybasert høgskule med vesentleg breiare fagmiljø (både profesjon og disiplinbasert). På nokre fagområde vil det vere gevinstar, og det same vil kunne vere tilfelle på tekniske og administrative område, sjølv om

dei geografiske avstandane vil vere store. For ein del fagmiljø vil eit slikt fellesskap vere utan relevante møtepunkt, og på andre svært utfordrande med tanke på arbeidsdeling.

Høgskulen i Volda

Dei to høgskulane er jamstore og har fleire faglege møtepunkt. Begge har ei blanding av profesjonsutdanningar og disiplinbaserte utdanningar. Begge er sterkt orienterte mot dei offentlege velferdssektorane og har parallelle utdanningstilbod og fagmiljø når det gjeld lærarutdanning, barnehagelærarutdanning og sosialarbeidarutdanningar. Vi har også likearta fagmiljø og tilbod innan idrett, friluftsliv, samfunnsfag og historie. Nokre nøkkeltal viser dette:

	Sogn og Fjordane	Volda
KD sitt budsjettframlegg 2015	362 660	311 544
Årsverk totalt 2013	306	298
Totalt studenttal h14	3887	3706
Kandidatar 2013 Totalt	637	581
Kandidatar 2013 Grunnskulelærarutdanning/ALM	43	45
Kandidatar 2013 PPU	35	77
Kandidatar 2013 Barnehagelærar	79	73
Kandidatar 2013 Sosialt arbeid	41	58
Kandidatar 2013 Barnevern	21	32
Kandidatar idrett og friluftsliv 2013 (bachelor)	72	19
Kandidatar mastergrad 2013	24	61

På nokre område er det faglege møtepunkt som gir grunnlag for sterkare fagmiljø og utvikling av utdanningstilbod. Dette vil vere særleg viktig når det gjeld lærarutdanning, der begge partar kvar for seg er sårbare. Sjølv om det truleg vil vere forståing for at det også i framtida må vere lærarutdanning både i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane, vil spørsmål kring arbeidsdeling vere utfordrande. På dei andre faglege fellesområda er ingen av høgskulane spesielt sårbare når det gjeld studentrekruttering, men eit fellesskap vil gjere oss meir solide.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har fleire tilbod retta mot privat næringsliv enn det Volda har. Det gjeld innan økonomiområdet (øk-adm, reiseliv, eigedomsmekling) og ingeniør (automasjon og elkraft). HiSF har også eit sterkt naturfagleg miljø (geologi, fornybar energi og landskapsplanlegging), som ikkje har faglege slektingar i Volda, og vi har vel etablerte utdanningstilbod og fagmiljø i vernepleie og sjukepleie. For helsefaga er det liten kontaktflate. HiSF har fleire vidareutdanningstilbod som ikkje finst i Volda, anna enn på organisasjon og leiing.

Høgskulen i Volda har fleire masterprogram og dei har også fått godkjent eit PhD-program i samarbeid med Høgskolen i Molde. Høgskulen har eit sterkt og kjent fagmiljø med gode utdanningstilbod innan mediefag. Dette vil vere ein styrke og kan saman med HiSF sine faglege tyngdepunkt innan energi, ressursar og miljø, og eit felles og sterkare fagmiljø med framifrå naturgjevne føresetnader for idrett, friluftsliv og folkehelse, gjere at ein ny fusjonert høgskule kan vise att også i eit UH-landskap med færre og større institusjonar.

Begge høgskulane fungerer godt som utdanningsinstitusjonar med fornøyde studentar som lukkast i utdanningsløpa sine. I 2013 viser KD sin tilstandsrapport at begge hadde gjennomføring over 60% på bachelornivå. Med det var vi nr 1 og 2 blant dei statlege høgskulane og langt betre enn universiteta.

Dei to høgskulane er begge lokalisert på små stader og med solide røter i nynorsk språk og kultur. Dette gir dei dei to institusjonane ein form for kompatibilitet, som både gir grunnlag for å forstå kvarandre betre og som kan vere ein del av ein profil som viser att i det nasjonale UH-landskapet.

Ein eventuell fusjon mellom Volda og Sogn og Fjordane vil ha mange faglege møtepunkt og gi grunnlag for samarbeid, arbeidsdeling og meir robuste miljø både fagleg og administrativt. På den andre sida vil det ikkje bli nokon stor institusjon, og dei geografiske avstandane er også her betydelege.

6. Tiltak som fremjar samarbeid, arbeidsdeling, konsentrasjon og samanslåing

Det vil framleis vere eit stort behov for å utvikle fleire nasjonale fellesløysingar for å styrke administrativt og fagleg hopeheng mellom institusjonar – også i eit nytt UH-landskap med færre institusjonar. Felles løysingar og standardar for digital kommunikasjon mellom tilsette og studentar, felles system for nettførelesingar, felles nasjonale retningslinjer for intellektuelle rettar til digitale opptak av førelesingar, og større grad av felles og samordna IT-tenester for UH-sektoren vil legge til rette for og styrke moglegheitene for samarbeidsgrader og arbeidsdeling på tvers av institusjonar og studiestader.

Likeeins vil etablering av nasjonale konsortium for elektronisk litteraturtilgang med til dømes betaling for kvar nedlasta artikkel sikre lik tilgang til faglitteratur for studentar og tilsette uavhengig av institusjon, og kunne styrke vilkåra for god forskingsbasert undervisning for alle studentar. Etablering og styrking av nasjonale eller regionale tilbod innan forskingsrettlegg, forskingsleiing og forskarskular vil vere eit godt tiltak for å styrke forskningssamarbeid, bygge faglege nettverk på tvers av institusjonar, og profesjonalisere forskingsarbeidet i UH-sektoren.

Vidare vil nasjonale eller regionale tilbod i form av fellestenester i eit mindre nettverk av UH-institusjonar som kan tilby EU-rådgjeving, forskingsrelaterte IKT-tenester som sikker lagring etter helseforskningslova og personvernlova, og felles forskingsstøttetenester kunne styrke forskingsaktiviteten i små og mellomstore institusjonar i sektoren gjennom ei arbeidsdeling og spesialisering av funksjonar fordelt på fleire institusjonar.